

# Reglement for kontrollutvalet i Selje kommune

(Vedteke av Selje kommunestyret den 29. april 2009 , sak 030/09)

## 1. Val og samansetjing (kommunelova § 77 nr. 1,2 og 3)

Medlemene i kontrollutvalet i Selje kommune vert valde av kommunestyret.

Utvalet skal ha minst tre medlemmar.

Kommunestyret vel sjølv medlemmar og varamedlemmar til utvalet, og mellom desse leiar og nestleiar.

Minst eitt av medlemene skal velgast mellom kommunestyret sine medlemmer.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet og medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde. Tilsette i kommunen er og utelukka frå val.

Kommunestyret kan når som helst føreta nyval av utvalet sine medlemmer. Ved utskifting av eitt eller fleire medlemmar av utvalet, skal det føretakast nyval av samtlige medlemmar i utvalet.

## 2. Arbeidsoppgåver/verkeområde.

Som beskrive i kommunelova § 77 nr. 4 – 11 og i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Frå Kommunelova § 77 nr. 4 – 11:

- a. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sine rekneskapar vert revidert på ein betryggande måte. Kontrollutvalet skal vidare sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
- b. Kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapar m.m.
- c. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Før ei sak vert rapportert til kommunestyret skal ho ha vore førelagt administrasjonssjefen til uttale.
- d. Kontrollutvalet kan, utan hinder av teieplikt, krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller eit kvart dokument frå kommunen, og gjere dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.
- e. Kontrollutvalet sine møte haldast for stengde dører dersom ikkje utvalet sjølv har vedteke noko anna. Dersom møtet vert halde for opne dører, skal dørene likevel stengjast dersom utvalet skal handsame opplysningar som er underlagt lovpålagd teieplikt. Kommunelova § 31 nr. 3 siste punktum gjeld tilsvarande.
- f. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møter.
- g. Kommunestyret skal sørgje for sekretærhjelp til kontrollutvalet.
- h. Departementet kan gje forskrifter med nærare bestemmelsar om kontrollutvalet sine oppgåver og sakshandsaming mv.

Frå forskrift av 15. juni 2004 nr. 905:

### **§ 1. Verkeområde**

Forskrifta omfattar kommunen sitt kontrollutval, og gjeld utvalet sitt ansvar og oppgåver, reglar om sakshandsaming m.m., jfr. Kommunelova § 77

### **§ 2. Val og samansetjing**

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til, på sine vegne, å stå føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Utvalet skal ha minst tre medlemar. Kommunestyret vel sjølv medlemar og varamedlemar til utvalet, og mellom desse leiar og nestleiar.

Minst eitt av utvalet sine medlemar skal velgast mellom kommunestyret sine medlemar.

Utvalet sin leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker skal handsamast.

### **§ 3. Utsifting av medlemar**

Kommunestyret kan når som helst føreta nyval av utvalet sine medlemar. Ved utskifting av eitt eller fleire medlemar av utvalet skal det føretakast nyval av samtlege medlemar i utvalet.

### **§ 4. Tilsyn og kontroll**

Kontrollutvalet skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, herunder sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning.

Utvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av kommunen sine folkevalte organ.

### **§ 5. Innhenting av opplysningar**

Kontrollutvalet kan frå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller eit kvart dokument og føreta dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene. For kontrollutvalet sine medlemar og sekretariat gjeld forvaltningslova sine alminnelige bestemmelsar om teieplikt, jf. forvaltningslova § 13 mv.

Dersom kommunen har tilsett eigen revisor, kan kontrollutvalet be om tilgang til revisjonen sine arbeidsdokument og kan krevje opplysningar av revisjonen.

### **§ 6. Rekneskapsrevisjon**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og kommunale føretak sin årsrekneskap vert revidert på ein betryggande måte, herunder halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette går føre seg i samsvar med de bestemmelsar som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar, eller avtaler med revisor.

### **§ 7. Uttale om årsrekneskapen**

Når kontrollutvalet er blitt førelagt revisjonsberetninga frå revisor, skal utvalet gje uttale om årsrekneskapen før det vert vedteke av kommunestyret. Uttalen vert gjeven til kommunestyret. Kopi av uttalen skal være formannskapet i hende tidsnok til at det kan takast omsyn til han før dette organet gjer si tilråding om årsrekneskapen til kommunestyret.

### **§ 8. *Oppfølging av revisjonsmerknader***

Når revisor påpeikar tilhøve i årsrekneskapen, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalet sjå til at dette vert følgd opp.

Det skal også rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgd opp på ein tilfredsstillande måte. Kontrollutvalet skal gje rapport til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknader er blitt følgd opp.

### **§ 9. *Forvaltningsrevisjon***

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen si verksemd årlig vert gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsane i dette kapittelet.

Forvaltningsrevisjon kan utførast av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunen sin årsrekneskap eller eit kommunalt føretak sin årsrekneskap.

### **§ 10. *Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon***

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtakast av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Planen skal baserast på en overordna analyse av kommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorar og verksemdar.

### **§ 11. *Rapportar om forvaltningsrevisjon***

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalet gje rapport til kommunestyret om kva for forvaltningsrevisjonar som er gjennomført og om resultatane av desse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

### **§ 12. *Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar***

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp.

Kontrollutvalet skal gje rapport til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt følgd opp. Det skal også rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgd opp på ein tilfredsstillande måte.

### **§ 13. *Selskapskontroll***

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapar m.m.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet avgjer sjølv kven som på deira vegne skal gjennomføre selskapskontroll.

#### **§ 14. Selskapskontrollen sitt innhald**

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i dei selskapa som er omfatta av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader (eigarskapskontroll).

Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

#### **§ 15. Rapportering om selskapskontrollen**

Kontrollutvalet fastset sjølv korleis utført selskapskontroll skal rapporterast til utvalet, herunder kva for innhald slik rapport skal ha. Eit selskap som er omfatta av selskapskontrollen, og den som utøvar kommunen sin eigarfunksjon, skal alltid gjevast høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som omtalast i rapporten. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av selskapskontroll skal kontrollutvalet gje rapport til kommunestyret om kva for kontrollar som er gjennomført samt om resultatane av desse.

#### **§ 16. Val av revisjonsordning. Val av revisor**

Kommunestyret avgjer sjølv om kommunen skal tilsette egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket treffast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Dersom kommunestyret vedtek å konkurransenutsette heile eller deler av revisjonen, føretek kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

Valt revisor tenestegjer inntil ny revisor er valt av kommunestyret.

#### **§ 17. Saker tilsetjing, suspensjon, oppseiing og avskjed**

Der det er ein eigen revisjon i kommunen , gjev kontrollutvalet innstilling til kommunestyret om saker om tilsetjing, suspensjon, oppseiing og avskjed av ansvarleg revisor.

Der det er ein eigen revisjon i kommunen , føretek kontrollutvalet tilsetjing, suspensjon, oppseiing og avskjed av revisjonens sitt øvrige personale når slik mynde ikkje er delegert til revisor.

#### **§ 18. Budsjetthandsaming**

Kontrollutvalet utarbeider framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen . Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Der kommunen har ein eigen revisjon gjev revisjonen innstilling til kontrollutvalet om budsjett for revisjonen.

#### **§ 19. Sakshandsaming. Møte- og talerett i kontrollutvalet sine møter**

Kontrollutvalet sine møter vert halde for stengde dører dersom ikkje utvalet sjølv har vedteke noko anna. Dersom møtet vert halde for opne dører, skal dørene likevel stengast

dersom utvalet skal handsame opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt. Kommunelova § 31 nr. 3 siste punktum gjeld tilsvarande.

Innkalling til møtet skal med 7 dagars varsel sendast utvalet sine medlemar, ordførar og kommunen sin(e) oppdragsansvarleg(e) revisor(ar). Innkallinga skal innehalde ein oversikt over dei sakene som skal handsamast samt saksdokument.

Oppdragsansvarleg revisor, eller denne sin stedfortredar, har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møter og kan forlange sine uttaler på møtet protokollert. Møteretten gjeld likevel ikkje når sak som gjeld ein revisor sitt tilsettingstilhøve vert handsama.

## **§ 20. Sekretariat**

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har sekretariatsbistand som til ein kvar tid tilfredstiller utvalet sitt behov.

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarlig utgreidd og at utvalet sine vedtak vert gjennomførde.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggjast til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for den aktuelle kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjonar for kontrollutvalet.

Den som utfører sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje dei retningsliner og pålegg som utvalet gjev. Administrasjonssjefen har innanfor kontrollutvalet sitt myndeområde ikkje instruksjons- eller avgjerslemynde overfor sekretariatet.